



Svoldalskøyta Vågen frå Stavanger ligg no på slipp hos Ole Kristoffer Vågen i Vågen.

Skuta skal gjerast rein, botnsmørjast og gjennom vanleg årleg vedlikehald.Ho er bygd i Svoldal i Kvinnherad og er 42 fot lang.



Eigar er skipper Audun Apelseth på jekta 'Mathilde'.
På leirskuleturane sine har 'Mathilde' fast fortøyningsplass på Skorpo, i periodar fast ein gong i veka.
Det er stor aktivitet i Vågen på Skorpo.

'Pedro' frå Varaldsøy har nett vore oppe på slippet.
Ein eldre trebåt frå Bergen ligg under presenning og skal restaurerast.

Det er ein stor ressurs i eit lite lokalsamfunn å ha slipp stor nok for ulike typar farty.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal

